



Fakultetene
Universitetsmuseet

Deres ref

Vår ref 2020/3767

Dato 04.05.2020

Invitasjon til nye skisser for tverrfaglege marine stipendiatstillinger 2020 – forlengte frist pga. Coronasituasjonen

Universitetet i Bergen (UiB) skal også i år lyse ut to stipendiatstillinger som eit ledd i UiB sin marine satsing. Vi ynskjer innspel frå fagmiljøa til mogelege fagområda for stillingane. Stillingane skal ikkje vere knytt til MatNat.-fakultetet, men MatNat. kan inngå i tverrfakultært samarbeid.

Vi vil gjerne oppfordre til samarbeidsprosjekt der fagmiljø ved to fakultet går saman om forslaget.

Vi tek imot korte skisser (ca ei halv side) til kva forskning desse stipendiatstillingane kan tenkjast å inngå i. Det må også beskrivast kven som kan rettleie studentane og i kva grad stipendiatane kan knytast til eksisterande forskingsmiljø og prosjekt.

Dei som vert vertsmiljø for stipendiatane skal, på standard måte, lyse stillingane ut internasjonalt.

Forslag sendast til seniorkonsulent Gry Parker på e-post gry.parker@uib.no, **og i ePhorte 2020/3767**. Gry tek også i mot eventuelle spørsmål.

Vi håpar på spennande innspel på om lag ei halv side for å beskrive tematikken. Skissene vert diskutert i Marint utval. Vi må ha skissene inne til **5. juni 2020** og ser for oss oppstart av stipendiatane i januar 2021.

Det marine utvalet ville kunne ta omsyn til kor dei 4 tidlegare stipendiatane har vorte plassert. Ser fram til gode skisser.

Mvh,

Nils Gunnar Kvamstø
Marin dekan

Amund Måge
Marin direktør

